

Henta ny inspirasjon til økologisk dyrking

■ ■ Deler tips og erfaringar ■ ■ Marknaden ynskjer meir

SOGNDAL: Forbrukarane ser ikkje ut til å få nok økologisk mat. I helga fekk bøndene kunnskap og motivasjon til større produksjon.

Grete Hamre og Ove Eliassen har bygd seg opp frukthage på Leikanger og var to av bøndene som fekk fordjupa seg i godkjende plantevernmidlar og gjødseltips under samlinga. Dei reknar seg som relativt ferske med øko-satsinga og fruktdyrking generelt.

- Me har blitt godt mottekne av fagmiljøet. All ære til Sognefrukt og Marianne Bøtun ved landbruksrådgjevinga, som deler positive og ikkje så positive erfaringar, seier Hamre.

Nyplanting

Dei tok over garden etter hennar foreldre i 2014.

- Me måtte starta heilt frå scratch og hogga det som var før grunna heksekost, seier Hamre.
- Dermed har dei mykje nyplanting, både plommer og eple. Avlingane kan reknast som økologiske i 2020, etter såkalla karenstid. Truleg vil dei også planta meir.
- For enkelte kan det kanskje vera ein bøyg at den eldre generasjon er imot økologisk produksjon. Då blir det vanskelegare for neste generasjon



ØKOLOGISK INSPIRASJON: Ove Eliassen og Grete Hamre har planta nytt og satsar økologisk på Leikanger. Dei var to av mange som deltok på inspirasjonssamling.

å velja økologisk, trur Hamre og Eliassen, som tykkjer det er fint å bli kjende med andre som dyrkar økologisk.

- Landbrukets Økoløft ynskjer å motivera bønder til å leggja om til økologisk. Denne samlinga er spesielt fordi ein ynskjer kunnskapsbygging. Fruktdyrking kan vera komplisert, seier Markus Brun Hustad, rådgjevar og prosjektleiar i Oikos.
- Han var spent på påmeldin-

ga og hadde håpa på 25 personar. Det blei rundt det doble.

- Det er utruleg gøy at så mange kom, seier Hustad.

Stor etterspurnad

Den store etterspurnaden gjer at slike samlingar er viktig.

- Det er ein sug i marknaden etter økologiske varer. Me er ikkje i nærleiken av å dekkja etterspurnaden. Forbrukarar av økologisk mat aukar. Då ville det vore svært synd

for både forbrukar, bonde og miljøet dersom auken berre skulle koma frå import. Me i Landbrukets Økoløft jobbar for å fremja auka produksjon av økologiske og norskproduerte landbruksvarer og håpar at dyktige bønder på Vestlandet vil vera med på denne veksten, seier Hustad

Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Debio, DebioInfo, Økologiske føregangsfylke, Norsk Land-

bruksrådgjeving og Oikos – Økologisk Norge, står bak samarbeidet.

I tenkjeboksen

Ei handsopprekking mellom deltakarane på seminaret avdekte at rundt halvparten av bøndene som var til stades, dreiv økologisk, medan dei andre dreiv konvensjonelt, men var i tenkjeboksen.

Hustad nemner at det ikkje berre er innan frukt og bær det er stort ynske om større produksjon.

- Ein ynskjer meir økologisk korndyrking, både til dyrefor og menneskemat.

Betre økonomi

SOGNDAL: Marianne Bøthun i Norsk Landbruksrådgjeving seier prisane på frukt har gått opp dei siste åra.

– Økologisk får ofte ein meirpris på rundt 20 prosent av konvensjonell pris. For industri- eller pressfrukt har ein opplevd dobbelt pris på økologisk. Det gir gode moglegheiter for å kunne planta og få brukbar økonomi i drifta, seier ho.

Men det er ikkje berre å rydda hagen og planta.

- Innovasjon Norge gir tilskot til nyplanting, både økologisk og konvensjonell frukt. Men du må søkja og få innvilga det du har søkt om. Det har vore nokre tilfelle der folk har vore for overivrige og då

risikerer ein å mista tilskotet, seier ho.

– Søk først

Å gjera ting i rett rekkjefølgje er difor viktig.

- Ein må ha seg ein omsetningsavtale. For dei fleste hjå oss vil det i praksis seia at ein sikrar seg at Sognefrukt vil ta imot frukta. Eventuelt kan ein ha avtalar med andre. Å planta 20 gamle sortar kan vera moro, men ein må ha eit visst volum og sortar marknaden vil ha.
- Bøthun dyrkar sjølv økologisk og har difor med seg erfaring frå feltet inn i rådgjevarrolla.
- Grunnen til at eg dyrkar økologisk er at eg ser eg lukkast ved hjelp av økologiske metodar. Det er positivt for meg og omgjevnadene. Me sprøyter oftare, men med meir ufarlege middel, det er min personlege drivkraft. Det



ARRANGØRANE: Prosjektleiar for Landbrukets Økoløft Markus Brun Hustad (Oikos), Frøydis Lindén (Føregangsfylket frukt og bær) og Marianne Bøthun, Norsk Landbruksrådgjeving var alle glade for stort oppmøte.

er utruleg moro å få til produksjon, ein må alltid ligga i forkant. Ved konvensjonell dyrking finst det alltid bøtemiddel, det har ein ikkje i økologisk. Der må ein vera på hogget, seier ho.

Helseaspekt

Forbrukarar som vel økologisk, gjer det ofte fordi dei legg vekt på helse og frávær av plantevernrestar, trur ho.

- For dei som kjøper økolo-

gisk er det ofte helse, frávær av plantevernrestar. All norsk mat er trygg, men mange vil ha ein ekstra garanti og kjøper økologisk. Miljøomsyn, eiga helse og dyrevelferd er viktige argument for økologisk landbruk.

Når det kjem til smak, spelar andre faktorar inn.

- Her spelar andre faktorar inn, som jordsmonn, seier Bøthun.

Berekraftig

Fleire undersøkingar viser at det er lite forskjell på økologisk og konvensjonell dyrka mat. Nokre gir positive utslag for økologisk versus konvensjonelt dyrka mat, andre at forskjellane er få, alt ut frå kva ein måler og kva metodar som er brukt.

For Hustad er det viktigaste argumentet for å dyrka eta økologisk å vidareutvikla spyspissfunksjonen økologisk landbruk har ovanfor resten av landbruket.

- Ved å finna og utvikla nye og betre metodar innan økologisk landbruk som kan koma heile det norske landbruket til nytte, bidreg økologisk til at me får eit meir berekraftig landbruk, seier han.